

Bacheloroppgåve

Psykisk helsefremjande miljø i skulen

Korleis kan miljøterapeutar i skulesektoren bidra til eit psykisk helsefremjande miljø for elevane?

Kristoffer Lønhøiden Lilleøy

Sosialt arbeid - barnevernspedagog

2024



HØGSKULEN
I VOLDA

Eigenerklæring

Denne oppgåva er mitt eige og sjølvstendige arbeid. Den gjer ikkje bruk av andre sitt arbeid utan at det er oppgitt, den gjer ikkje bruk av tekst frå eige arbeid utan at det er oppgitt, og kjelder som er brukt er ført inn i både tekst og kjeldeliste i på ein måte som gjer at eg ikkje vil få ein 'ufortent rennomegevinst'. Den har heller ikkje vore brukt som eksamensvar eller arbeidskrav tidlegare.

Eg veit at oppgåva vil bli elektronisk kontrollert for plagiat og at alvorlege brot med 'god sitatskikk' vert behandla som fusk jf. UH-lova § 4-7 og § 4-8, 3. ledd.

I arbeidet med oppgåva er personopplysningar behandla i samsvar med retningslinjene som er å finne i Canvas. Oppgåva inneheld ikkje opplysningar som kan førast tilbake til einskildpersonar ut over det som dei har godtatt gjennom samtykke eller som er offentleg kjent.

Eg gir Høgskulen i Volda rett til å publisere oppgåva vederlagsfritt i elektronisk form under CC-BY-lisens.

Samandrag

Oppgåva sin tematikk baserer seg på elevar sin rett i følgje opplæringslova kapittel 9A til eit skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen sine tilsette er pliktige å kontinuerleg arbeide for å fremje eit godt fysisk og psykososialt miljø. Skulen har difor ikkje berre eit ansvar for den faglege utviklinga, men også for den sosiale og emosjonelle utviklinga, der psykisk helse er ein faktor. Med dette som bakgrunn avgrensar oppgåva seg til å handle om miljøterapeutar i skulesektoren, og korleis dei kan bidra til eit psykisk helsefremjande miljø for elevane. Denne oppgåva sine teoretiske perspektiv er henta frå Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell, teori om relasjonar-, relasjonsarbeid- og relasjonskompetanse, teori om den salutogene modellen og tilnærming, og teori om tverrfagleg samarbeid. Eg har brukt litteraturstudie som forskingsmetode, der eit systematisk søk etter eksisterande forskning vert brukt for å samle datamateriale. Funna synleggjer dei mange viktige faktorane som bidreg til å fremje god psykisk helse, og arbeidet med eit psykisk helsefremjande miljø. Desse funna vert drøfta opp mot teori og bakgrunn, og synleggjer korleis miljøterapeutar med sin kompetanse og kunnskap har ein føresetnad for å bidra til det psykisk helsefremjande arbeidet- og miljøet. Til slutt konkluderer eg med at resultata av studiet synleggjer at miljøterapeutar har relevant og nyttig kunnskap og kompetanse som kan bidra til eit psykisk helsefremjande miljø, men at vidare forskning er nødvendig og viktig for å sette fokus på miljøterapeutar sitt bidrag innanfor dette emnet.

Abstract

The theme of this thesis is based on students rights according to chapter 9A in the law of education to a school environment that promotes health, well-being and learning. School staff are obligated to continuously work to promote a good physical and psychosocial environment. Therefore, the school has a responsibility not only in regards of academic development, but also social and emotional development, where mental health is a factor. Based on this, the thesis focuses on environmental therapists in the school sector, and how they can contribute to a mental health-promoting environment for students. The theoretical perspectives of this thesis are drawn from Bronfenbrenners ecological systems theory, theory of social relations-, relational work- and relational competence, the salutogenic model and approach, and theory of interprofessional collaboration. A literature review is used as the research method, involving a systematic search for existing research to gather data material. The findings highlight the many important factors contributing to promoting good mental health and the work toward a mental health-promoting environment. These findings are discussed in addition with theory and background, demonstrating how environmental therapists, with their expertise and knowledge, are equipped to contribute to the mental health-promoting work and environment. I then conclude that the study's results demonstrate that environmental therapist have relevant and useful knowledge and skills that can contribute to a mental health-promoting environment, but further research is necessary and important to focus on the contribution of environmental therapists in this field.

Forord

Blod, svette og tårer har forma denne oppgåva, og eg har opplevd meistring, frustrasjon, sinne og alt det andre som finst av kjensler. Takk til rettleiar for gode tips og motiverande ord. Tusen hjarteleg takk til mine gode og støttande venar, og ein ekstra takk til min kjære mamma som sikkert har sett dei verste sidene av meg no.

Innhald

Samandrag	iii
Abstract	iv
Forord	v
Innleiing	1
Bakgrunn.....	2
Teori.....	4
Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell.....	4
Relasjonsarbeid og kompetanse	5
Den salutogene modellen og tilnærming	5
Tverrfagleg samarbeid	7
Forskning på feltet	8
Sosialfagleg kompetanse i skulen.....	8
Anvendning av miljøterapeutar i skulen	8
Metode	10
Litteraturstudie.....	10
Søkestrategi for datainnsamling	10
Flytdiagram og prosessen med systematisk gjennomgang av litteratur	11
Kvalitetsvurdering	12
Funn.....	13
Den gode relasjon si betydning	13
Rom for sårbarheit.....	13
Samarbeid og kunnskapsdeling.....	14
Ein heilskapleg samanheng	14
Diskusjon	16
Relasjonsarbeid.....	16
Salutogen tilnærming i arbeidet med psykisk helse?	17
Kunnskap og kompetanse knytt til psykisk helse	18
Tverrfagleg samarbeid i skulen	19
Den heilskaplege samanhengen gjennom eit systemteoretisk perspektiv	20
Konklusjon.....	21
Litteraturliste.....	23
Vedlegg	27

Innleiing

Skulen er ein sentral del i oppveksten og i livet til barn og unge. På denne arenaen får ein moglegheita til å oppleve stor grad av utvikling og læring, både i fagleg og sosial samanheng. Ein føresetnad for å få eit godt utbytte av dei mange åra ein tilbringar på skulebenken, er at miljøet ein er i bidreg positivt til utviklinga og læringa (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 16). I kapittel 9 A jf. opplæringslova (1998) er det slått fast at alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, og at skulen også pliktar å kontinuerleg og systematisk arbeide for å fremje eit slikt miljø. Innunder skulemiljøet ligg det 'fysiske' og det 'psykososiale' miljøet. Det psykososiale miljøet er eit omgrep som gjennom tidene har blitt definert på fleire ulike måtar, men psykisk helse og mellommenneskelege relasjonar er faktorar som i stor grad er assosiert til omgrepet (Olsen, 2019, s. 29-30). Den tidlegare nemnte plikta skulen har, gjer det tydeleg at lærarar ikkje berre har ansvar for den faglege biten, men at dei også skal bidra til elevar sin trivsel og utvikling også sosialt og emosjonelt (Manger et al., 2013, s. 70-71). Det breie målet til skulen har tidlegare skapt diskusjonar rundt rolla og ansvarsområda lærarane har, og meir konkret om lærarane aleine klarer å oppfylle desse krava som opplæringslova stiller (Misund, 2005, s. 12).

I spørjeundersøkinga «Spørsmål til Skole-Norge» utført for eit par år sidan svarte 85 prosent av kommunane, 69 prosent av grunnskuleleiarane og 56 prosent av vidaregåande skuleleiarar at skulane ikkje har tilstrekkeleg kompetanse for å arbeide med psykisk helse. Kommunane uttrykker at dei ønskjer meir kompetanse på korleis dei kan styrke lærings- og skulemiljøet for å fremje god psykisk helse, og korleis dei kan førebygge forhold som bidreg til psykisk uhelse i skulekvardagen (Utdanningsdirektoratet, 2022, s. 87). Eit aukande tal av skular har tilsett barnevernspedagogar, sosionomar og vernepleiarar som miljøterapeutar i skulen som tiltak for å fremje eit godt psykososialt miljø, og nokre trekk fram at miljøterapeutar kan bidra til å gjere skulens kompetanse breiare (Borg & Lyng, 2019, s. 10). Litteraturen på dette området gir kunnskap om at miljøterapeutar kan spele ei viktig rolle i arbeidet med skulemiljøet, men gir lite kunnskap om korleis dei kan bidra til å fremje god psykisk helse. Denne mangelen på litteratur kan føre til eit lågare fokus på miljøterapeutar sitt potensielle bidrag i skulen sitt arbeid med å fremje god psykisk helse. På denne basisen utforskar eg i denne oppgåva gjennom eksisterande forskning korleis ein kan arbeide for å fremje god psykisk helse i skulen. Problemstillinga eg tek for meg i denne oppgåva er:

Korleis kan miljøterapeutar i skulesektoren bidra til eit psykisk helsefremjande miljø for elevane?

Bakgrunn

For å skape ei betre forståing av konteksten til det som problemstillinga i oppgåva tek for seg, vert det i dette kapittelet gjort greie for nokre fundamentale aspekt knytt til skulen, sett som både ein organisasjon og som ein arena for læring. Det eg har valt å sette fokus på er lovverket som skulen er bunden til, sosialarbeidarane sin framvekst i skulen dei siste åra, og til slutt relevante stortingsmeldingar og omtalar i media som ytrar noko om sosialarbeidarane si rolle og betydning innanfor skulesektoren.

Det er opplæringslova (1998) som regulerer skulen. I § 1-1 finn ein formålet med opplæringa, der det blant anna i femte ledd fyrste punktum står at «elevane [...] skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet». Alle barn og unge i Noreg har jf. § 2-1 fyrste ledd fyrste punktum plikt og rett til grunnskuleopplæring, og denne opplæringa skal jf. § 1-3 tilpassast kvar enkelt elev sine evner og føresetnader (Opplæringslova, 1998). Kapittel 9 A, som nemnt tidlegare, handlar om elevane sitt skulemiljø, og § 9 A-2 slår fast elevane sin rett til «eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring». Vidare i § 9 A-3 fyrste ledd skal skulen ha «nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering». Skulen skal jf. § 9 A-3 andre ledd førebygge at retten til eit trygt og godt skulemiljø vert broten, dette ved å «arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane». § 9 A-4 slår fast aktivitetsplikta alle som jobbar på skulen har for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt miljø (Opplæringslova, 1998). Kapittel 9 A i opplæringslova er essensielt for miljøterapeutar og deira yrkesutøving i skulen.

Miljøterapeutar kan sjåast på som ei relativt fersk yrkesgruppe i samheng med skulesektoren. Tittelen 'miljøterapeut' vert nytta for dei med treårig høgare utdanning, gjerne innan helse- og sosialfag, som blant anna barnevernspedagogar, sosionomar og vernepleiarar (Knudsen & Hammer-Holt, 2023). Miljøterapeutar vert tilsett for å arbeide med elevar og miljøet på skulen (Holmøy et al., 2019), og har ofte ansvar for enkeltelevar, mindre til større elevgrupper, og systemarbeid knytt til arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø (Knudsen & Hammer-Holt, 2023). I dag jobbar det rundt 3000 miljøterapeutar i grunnskulen og vidaregåande skule (Tronsen & Laugaland, 2024). Sjølv om førekomsten av denne stillinga i skulen har blitt meir vanleg oppgjennom åra, eksisterer det inga lovfesting av miljøterapeutar, slik som det gjer med lærarar (Holmøy et al., 2019). Fellesorganisasjonen, også nedkorta til FO, har i mange år kjempa for at miljøterapeutar skal lovfestast i skulen, og hadde i 2021 dette som ei av kjernesakene sine opp mot stortingsvalet (Skotheim, 2021). FO hevdar at lærarane har avgrensa tid og kompetanse til å sjå og oppsøke det enkelte barn, og at skulen derfor treng andre profesjonar som kan bidra til å styrke laget rundt lærar og elev. Vidare meiner FO at skulen er i forandring, og at det er på tide at politikarane dreg nytte av den sosialfaglege kompetansen som eksisterer (Fellesorganisasjonen, 2021).

Kunnskapsdepartementet trekk fram i Meld. St. 19 (2009-2010) at det å inkludere andre yrkesgrupper med relevant kompetanse er verdifullt, og at bevisst bruk av ulik kompetanse kan hjelpe både lærarar og elevar. Eit nøkkelord som går igjen i Kunnskapsdepartementet si melding er det 'heilskaplege'. For å få ei heilskapleg forståing av den enkelte elev, inneber dette å sjå på både fagleg, sosial og personleg utvikling. Det vert peika på at ei heilskapleg tilnærming er lettare å sikre dersom ulike yrkesgrupper med ulik kompetanse og perspektiv er tettare knytt til ei elevgruppe. Ein utdanna barnevernspedagog som har innteke rolla som miljøterapeut i skulen har til dømes kompetanse om barn og unge som kan vere nyttig for lærar i arbeidet med å gi eit heilskapleg tilbod (Kunnskapsdepartementet, 2010). I nyare tid har Kunnskapsdepartementet i Meld. St. 6 (2019-2020) kapittel 6 fokusert på laget rundt elevane, og i nærare detalj dei elevane som av forskjellige grunnar har eit ekstra behov for støtte og oppfølging. Departementet listar opp til dømes utfordringar i skulemiljøet, dårleg fysisk eller psykisk helse, lærevanskar, og vanskelege livs- og familiesituasjonar som potensielle grunnar for ein elev sine ekstra behov i skulen. Vidare vert det, også i denne meldinga, lagt vekt på verdien andre yrkesgrupper har i skulen (Kunnskapsdepartementet, 2019).

Teori

I dette kapitlet vert det presentert teoretiske perspektiv eg har brukt for å underbygge problemstillinga mi. Eg vil først legge fram sentrale perspektiv ved Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell for å koble menneske frå individ- til gruppenivå, og vise korleis dei ulike nivåa påverkar kvarandre. Vidare rettar eg fokuset mot relasjonsarbeid- og kompetanse. Etter dette vert teori om eit salutogent perspektiv og tilnærming trekt fram. Avslutningsvis vert teori om tverrfagleg samarbeid og kva som trengst for eit godt samarbeid greia ut.

Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell

Psykolog Urie Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell legg vekt på korleis menneske og miljø påverkar kvarandre (Fyrand, 2016, s. 39-40). Modellen var på den tida eit fagkritisk motsvar til dei dominerande individorienterte forståingsmåtane av utvikling, og forklarar korleis alle menneske er ein del av ulike sosiale system som kontinuerleg står i eit vekselspel med kvarandre og med enkeltindividet (Fyrand, 2016, s. 40). Bronfenbrenner sin modell vart utvikla for å skildre barn sin situasjon, men kan nyttast om menneske i alle aldrar (Fyrand, 2016, s. 40), og består av fire grunnstrukturar: mikro-, meso-, ekso- og makrosystem (Gulbrandsen, 2017, s. 54). Dei tre fyrste systema kjem eg til å gå djupare inn på, då eg ser på desse som mest relevante for problemstillinga.

Mikrosystem eksisterer i dei nærmiljøa og arenaane eit menneske ferdast i og på (Fyrand, 2016, s. 40), og forklarast av Bronfenbrenner som eit «mønster av aktivitetar, sosiale roller og mellommenneskelege relasjonar» (Gulbrandsen, 2017, s. 54). Mikrosystem handlar om direkte kontakt og samhandling med menneske i ulike samanhengar. For eit barn vil dette til dømes vere foreldre, andre familiemedlem, venar, og medelevar og vaksne på skulen (Fyrand, 2016, s. 41). Mesosystem kan forklarast som koplingane mellom dei ulike miljøa og arenaane eit menneske ferdast i og på, og samspelet som oppstår mellom desse ulike mikrosystema (Fyrand, 2016, s. 41). Dersom ein tek utgangspunkt i livet til eit barn, kan eit døme på mesosystem vere samspelet mellom heimen til barnet og skulen barnet går på (Gulbrandsen, 2017, s. 59). Graden av samarbeid, tillit og støtte barnet opplev frå personane i dei ulike mikrosystema, og om desse systema har like normer og verdiar, har stor betydning for barn og unge si utvikling (Fyrand, 2016, s. 41). Eksosystem handlar om indirekte påverking, og kan knytast til organisasjonsnivå, som til dømes skulen som organisasjon, eller styret i ei kommune. Dette er arenaar som kan ta avgjersler som kan få konsekvensar for folk, sjølv om dei ikkje har direkte kontakt med kvarandre. (Fyrand, 2016, 41-42).

Dette systemteoretiske perspektivet kan vere eit nyttig hjelpemiddel for å få ein meir heilskapleg forståing av ein situasjon, korleis den har utvikla seg, og som kan vere rettleiande for kva

slags nivå i systemet arbeidet kan ta plass. Modellen kan også gjere det lettare å forstå heilskapen alle er ein del av, og kva slags ressursar og problem som pregar situasjonen (Fyrand, 2016, s. 42-43).

Relasjonsarbeid og kompetanse

Menneske er sosiale vesen, og er såleis avhengige av andre, både for å kunne fungere som individ, og som medlem av grupper og samfunn. Når to individ knyter seg til kvarandre på grunnlag av gjenteken interaksjon og gjensidige forventingar, kan dette kallast for ein sosial relasjon (Schiefløe, 2019, s. 339). Schiefloe hevdar at det er ein føresetnad at denne tilknytninga mellom to individ må vere relativt varig for at det skal vere snakk om ein sosial relasjon. Vidare skildrar han sosiale relasjonar som eit bindemiddel som mogleggjer etablering av varige sosiale system som utgjerast av fleire aktørar og består over tid (2019, s. 340).

Levin og Ellingsen (2023, s. 137) skildrar omgrepet relasjon i korrelasjon til det faglege språket som mellommenneskelege relasjonar, noko som går føre seg mellom individ, både som kvardagsleg samhandling mellom menneske og i profesjonell samheng mellom sosialarbeidar og brukar. Vidare skildrar forfattarane relasjonar som rota i alt sosialt arbeid, og forklarar at sosialarbeidarar arbeider i, med og gjennom relasjonar. Å arbeide med relasjonar går ut på at sosialarbeidar forsøker å forstå og bidra til endring i brukaren sin relasjon til andre i sine omgivnader, og å arbeide gjennom relasjonar går ut på at relasjonen mellom sosialarbeidar og brukar har betydning for opplevinga av kontakta og korleis arbeidet artar seg (Levin & Ellingsen, 2023, s. 137-138).

I lys av at sosialarbeidarar arbeider i, med og gjennom relasjonar, er relasjonskompetanse nødvendig. Kunnskap om forhold som påverkar relasjonar trengst for å forstå korleis ein best kan bidra til ein god relasjon mellom sosialarbeidar og brukar. Det vert trekt fram at relasjonskompetanse fyrst og fremst handlar om å forstå og samhandle med dei ein møter i arbeidet, noko som inneber at relasjonskompetanse både blir brukt for å tolke relasjonar, og som eit handlingsreiskap fordi sosialt arbeid som nemnt tidlegare utøvast gjennom relasjonar i samhandling med andre.

Den salutogene modellen og filnærming

Det medisinske omgrepet salutogenese stammar frå dei to latinske orda ‘salus’, som betyr helse, og ‘genesis’ som betyr opphav, og handlar om det som skaper sunnheit. Aaron Antonovsky, som er opphavsmannen til den salutogene modell, meinte at psykologi- og medisinfeltet var for opptatt av det som skapar sjukdom, som på medisinsk språk vert kalla for patogenese, og byrja difor arbeidet med å identifisere det som skapar sunnheit (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 69). Innanfor salutogenese vert

helse definert som eit kontinuum, altså at det er ulike grader av helse, og at menneske si helse gradvis endrar seg fortløpande. I patogenese derimot, vert menneske anten klassifisert som sjuke eller friske (Langeland, 2014, s. 11). Det salutogene handlar i stor grad om kompetanse og meistring, og denne modellen tek utgangspunkt i det som nyare utviklingspsykologi har vist er av stor betydning for korleis barn og unge vaksne utviklar seg og fungerer. Eit overordna mål for utvikling og endring i følgje modellen er å støtte barn sin utvikling mot stadig aukande kompetanse, slik at dei meistrar dei utfordringane som dei vil møte i løpet av oppveksten (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 69).

Omgrepa ‘oppleving av samanheng’ (OAS) og ‘generaliserte motstandsressursar’ er sentrale i den salutogene modell (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 69). OAS delast opp i tre komponentar: forståing, handtering og meining. For å forklare dei tre komponentane vil eg bruke ein elev som døme. Forståing handlar om i kva slags grad situasjonen opplevast som forståeleg av eleven. Handtering handlar om i kva slags grad eleven opplever at hen har ressursar i eller rundt seg som kan brukast til å handtere krava som situasjonen stiller. Meining handlar om i kva slags grad eleven opplever, til tross for utfordringar, at situasjonen er meningsfull og at hen har pågangsmot til å overkomme den (Langeland, 2014, s. 12). Oppleving av samanheng og meining utviklast gjennom erfaringar med at kompetansen ein har eller tileignar seg, er god nok til å løyse oppgåver og til å møte utfordringar med. Gjentekne gode erfaringar skaper det som vert kalla generaliserte motstandsressursar (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 70). Langeland peikar på at til høgare grad av individuelle og kollektive motstandsressursar tilgjengeleg, jo betre OAS og høgare grad av helse vil ein oppleve (2014, s. 12-13).

Å arbeide innanfor ein salutogen forståing og teoretisk forankring, vil i følgje Langeland rettleie og bidra til haldningar og handlingar som speglar kunnskap om helse, moglegheiter og ressursar. For å fremje ein salutogen tilnærming er difor kunnskap om og innsikt i salutogenese viktig. Kunnskapen må altså vere integrert, og ein må forstå kva det vil seie å ha eit helsefokus. Å arbeide meir salutogent handlar om at fagpersonane må vere i ein vedvarande utviklingsprosess i tillegg til brukar sjølv, og vere kreative i samspel med brukar med omsyn til å identifisere helseskapande faktorar (2014, s. 26).

Gode relasjonar vert trekt fram som eit vesentleg fundament i alle salutogene tilnærmingar, anten det er snakk om individuelle samtalar, samtalar i gruppe eller miljøterapi. Merksemnda rettast hovudsakleg mot å skape tillit til at vekst og utvikling er mogleg, og dette skapast ved å vektlegge moglegheiter, meistring og ressursar. Det vert peika på at samtalar i grupper kan vere ekstra positivt dersom klimaet i gruppa kan opplevast som tillitsfullt. I grupper kan ein blant anna få konstruktive tilbakemeldingar frå andre deltakarar, utvikle deltakande kompetanse, få gode relasjonar, oppleve seg meir alminneleg og sjå ting på andre måtar (Langeland, 2014, s. 28).

Tverrfagleg samarbeid

Eit tverrfagleg samarbeid kan kjenneteiknast ved at fleire profesjonar samarbeider om ei felles oppgåve, og at dei tek i bruk kvarandre sin kunnskap og ferdigheiter (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 253). For å knyte dette opp mot denne oppgåva sitt emne, kan dette til dømes vere samarbeidet mellom ein miljøterapeut og ein lærar på ein skule. Eit godt samarbeid har som mål å utnytte tilgjengelege ressursar best mogleg, men dette krev god kommunikasjon, gode relasjonar og at dei ulike profesjonane har kjennskap til kvarandre sine ansvars- og kompetanseområde (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 254).

Tre overordna kjenneteikn vert trekt fram som føresetnader for eit godt samarbeid. Det fyrste handlar om relasjonen i samarbeidet. Her vert det blant anna understreka at dei ulike profesjonane må ha kjennskap til og avklart kvarandre sine roller i samarbeidet. Dei tilsette må vere forplikta i arbeidet, og ha vilje til å arbeide saman. Ei bevisstheit rundt kva andre profesjonar kan bidra med, og forståing for at ulike profesjonar arbeider innanfor ulike kontekstar er også viktig. Sist, men ikkje minst, er tillit og gjensidig respekt på tvers av profesjonar essensielt (Backe-Hansen, 2019, s. 251). Vidare handlar overordna kjenneteikn nummer to om samarbeidsprosessar. Her vert blant anna viktigheita av transparent og regelmessig kommunikasjon vektlagt. Det vert peika på at god vilje og gode relasjonar ikkje er nok i seg sjølv, og at det difor må arbeidast med ein felles tilnærming og forståing, altså ein klar hensikt og felles visjon for arbeidet, som er basert på felles verdiar (Backe-Hansen, 2019, s. 252). Det tredje og siste overordna kjenneteiknet er ressursar til samarbeidet. Sett i samanheng med konteksten til denne oppgåva, vert det viktigaste her at det vert sett av tid til samarbeidet, at utviklinga av samarbeidet sjåast som ein prosess over tid og at samarbeidet har tilstrekkeleg administrativ støtte (Backe-Hansen, 2019, s. 253)

Forsking på feltet

Ved å inkludere tidlegare utført forsking på feltet har eg innhenta kunnskap som eg ser på som relevant for min eigen forsking. Den inkluderte forskinga seier noko om sosialfagleg kompetanse i skulen, og korleis miljøterapeutar vert brukt i skulen. Desse er delt inn tematisk i to delkapittel.

Sosialfagleg kompetanse i skulen

Miljøterapeutar har gjennom dei siste åra fått større innpass i skulesektoren (Mordal, 2017, s. 6). Denne yrkesgruppa har, slik dei sjølv presenterer seg, spesielle føresetnader for å styrke skulen sine psykososiale oppgåver (Gjertsen, Hansen, & Juberg, 2018, s. 165). Miljøterapeutar vert tilsett i skulen for å fremje positiv utvikling og læringsmoglegheiter gjennom å arbeide med elevar og miljøet rundt elevane (Mordal, 2017, s. 6), og bidreg såleis til å dekke dei mangfaldige behova som eksisterer for å realisere skulen sine ambisjonar om ein skule som skal vere for alle (Gjertsen et al., 2018, s. 165). Styrking av det psykososiale miljøet i skulen vert uttrykt som eit behov, noko som det ser ut til at miljøterapeutar med sin sosialfagleg kompetanse har ein føresetnad for å bidra til (Gjertsen et al., 2018). Forsking har dokumentert at miljøterapeutar sitt arbeid i skulen har ein effekt på både sosial, emosjonell og fagleg kvalifisering hos barn, men at graden av effekt vert skildra som lav til moderat (Mordal, 2017, s. 7; Gjertsen et al., 2018, s. 166). Miljøterapeutar og deira rolle har moglegheita til å fungere som eit sentralt fagleg supplement til lærarane sitt arbeid, og altså dekke elevar sitt behov som lærarar av ulike grunnar kan ha utfordringar med å utfylle (Gjertsen et al., 2018, s. 165). Eit døme på dette kan vere at miljøterapeutar med sin kompetanse innan psykososialt arbeid kan vere ein tilgjengeleg ressurs både for elevar og lærarar, i arbeid med utfordringar av fysisk, psykisk eller sosial karakter (Mordal, 2017, s. 7).

Anvending av miljøterapeutar i skulen

Ettersom miljøterapeutar ikkje er lovfesta og dermed ikkje har nokon lovpålagte oppgåver i skulen, er bruken av miljøterapeutar i denne sektoren i stor grad etterspørseldrevet (Mordal, 2017, s. 6). Ikkje alle skular har miljøterapeutar som del av personale, og forsking peikar på at det for skulane som har det er variasjon i kvar, korleis og med kva miljøterapeutane arbeider (Gjertsen et al., 2018, s. 172-173). Individ- og grupperetta arbeid vert likevel trekt fram som noko av dei mest vanlege områda (Mordal, 2017, s. 6; Gjertsen et al., 2018, s. 172-173). Det har derimot blitt utvikla modellar som viser at miljøterapeutar i tillegg til individ- og grupperetta arbeid også kan arbeide med fokus retta mot heile

skulen eller alle elevar (Borg, Drange, Fossetøl & Jarning, 2014, s. 139). Nokre hevdar at denne yrkesgruppa er ein betydeleg ressurs i skulen, men ein ressurs som truleg er for dårleg utnytta, og som er lite integrert i skulen si verksemd og sitt utviklingsarbeid (Mordal, 2017, s. 6).

Metode

I dette kapitlet vert dei metodiske vala og framgangsmåten min for å forsøke å svare på oppgåva si problemstilling presentert. Denne delen er delt inn i 4 delkapittel. Først vert forskingsmetoda eg har valt presentert. Vidare vert søkestrategien min for datainnsamling skildra, etterfølgt av den systematiske framgangsmåten eg nytta for å vurdere og analysere datamateriale. Til slutt vert dei inkluderte artiklane i litteraturstudiet kvalitetsvurdert.

Litteraturstudie

Denne oppgåva har som mål å utforske og synleggjere korleis miljøterapeutar i skulesektoren kan bidra til eit miljø som er psykisk helsefremjande for elevane. Bakgrunnen for valet mitt av litteraturstudie som metode var at eg var interessert i å sjå kva forskning samla seier om psykisk helsefremjande arbeid i skulen, og forsøke å knyte dette opp mot miljøterapeutar og deira arbeid i skulen som gjennom dei siste åra har fått meir fokus i fagartiklar og media. Etter å ha søkt litt rundt etter dette emnet, fann eg mykje interessant litteratur og forskning som kunne bidra til å belyse problemstillinga mi, og med dette som grunnlag falt eg altså på litteraturstudie som min forskingsmetode for denne oppgåva.

Eit litteraturstudie kan definerast som ein systematisk gjennomgang av eksisterande litteratur og forskning på eit felt. Metoden sitt formål er å identifisere, vurdere og analysere eksisterande studiar og informasjon som er relevant til eit bestemt emne for å svare på eit forskningsspørsmål (Aveyard, 2019, s. 2). Ein full systematisk litteraturgjennomgang er ein veldig detaljert framgangsmåte, noko som Aveyard forklarar at generelt sett er for omfattande for studentar som ikkje er ferdigutdanna (2019, s. 3). I mitt tilfelle, med tanke på tid og ressursar, er det ikkje realistisk å utføre ein full systematisk litteraturgjennomgang. Eg har derimot streva etter å ha ein så systematisk framgangsmåte som råd i mitt litteraturstudie.

Søkestrategi for datainnsamling

Til datainnsamlinga mi har eg nytta digitalt søk i søketenesta Oria sine databasar som høyrer til norske fag- og forskingsbibliotek, og eg utvida søket frå å berre inkludere treff i HVO-biblioteket til alle tilgjengelege norske fagbibliotek. Eg har ikkje nytta andre søketenester eller databasar utover dette. Grunnen til dette var for å enklare kunne sikre ein systematisk og veldokumentert framgangsmåte. Prosessen med å finne gode søkeord tok ganske lang tid, men til gjengjeld enda eg opp med eit detaljert søk som ga relevante treff for min problemstilling. Søkestrengen (sjå vedlegg 1) inneheldt

orda «helsefremmende», «psykisk helse» og «skole». I det innleiande søket enda eg då opp med 5 527 treff, men dette var derimot før eg tok i bruk verktøy for å avgrense søket mitt. Inklusjons- og eksklusjonskriterium vert brukt for å avgrense søket, og på denne måten blir det enklare å identifisere den litteraturen som det søkaste etter (Aveyard, 2019, s. 75). Ved å ta i bruk slike kriterium er det meir sannsynleg å få treff som er relevante og som følger visse krav, og i same prosess sortere ut irrelevante treff (sjå vedlegg 2).

Eit av kriteria for søket mitt var at alle treffa skulle vere fagfellevurderte tidsskriftartiklar. Dette valte eg å ha som eit kriterium for å sikre at treffa mine var forskingsartiklar vurdert av ekspertar innan det gjeldande fagfeltet, og at forskinga dermed var kvalitetssikra. Vidare var eit kriterium at forskinga skulle vere publisert etter 2015, noko eg valte for å inkludere forskning som var mest mogleg oppdatert. Eit anna kriterium var at forskinga helst skulle vere utført i Noreg, men eg var også open for internasjonal forskning dersom eg vurderte at den kunne overførast til norske forhold. Språket artiklane var skrivne på skulle vere anten norsk, svensk eller engelsk språk. Dette valet tok eg med omsyn til at eg skulle klare å forstå innhaldet i artiklane, og dermed forhindre potensielle misforståingar og feil frå min side. Det siste kriteriet for avgrensing var at forskinga skulle ta utgangspunkt i grunnskule eller vidaregåande skule på grunnlag av at det er eit nokså stort sprik mellom desse utdanningsinstitusjonane og institusjonar for høgare utdanning. Ved å ta i bruk desse kriteria og avgrense søket mitt, enda eg til slutt opp med 76 treff. Desse treffa gjekk vidare til neste steg av den systematiske prosessen.

Flytdiagram og prosessen med systematisk gjennomgang av litteratur

Eg har valt å bruke eit PRISMA flytdiagram som verktøy for å kunne dokumentere den systematiske litteraturgjennomgangen min (Aveyard, 2019, s. 92-93). Dette diagrammet kartlegg den systematiske prosessen eg har følgd for å finne forskingsartiklar som er relevante i samsvar med mine inklusjons- og eksklusjonskriterium (sjå vedlegg 3). Vidare i prosessen identifiserte eg 4 artiklar som var duplikat, noko som minskta talet på treff til 72. For å vidare ekskludere treff eg vurderte som irrelevante for problemstillinga valte eg å lese gjennom tittel og samandrag til dei resterande artiklane, noko som resulterte i at 58 artiklar vart fjerna. Dei 14 artiklane eg satt igjen med leste eg gjennom i fulltekst. Denne prosessen førte til 9 artiklar ekskludert med grunngjeving. Det endelege resultatet vart dermed 5 inkluderte artiklar som stemte overeins med kriteria mine og som eg vurderte som relevante med omsyn til problemstillinga mi.

Den første artikkelen inkludert i dette litteraturstudiet er «Psykisk helse skapes i de daglige skoleerfaringene» skrive av Holte, Foss og Sträng. Denne artikkelen tek i bruk systemteori, og forfattarane har utvikla ein systemteoretisk modell som viser faktorane i vidaregåande skule som

fremjar og hemmar psykisk helse. Studien har eit kvalitativt design, der tilsette, elevar og foreldre fekk skrive reflekterande brev om vidaregåande skule som arena for å fremje god psykisk helse. Den andre artikkelen er «Yrkesfaglæreres opplevelse av sin rolle i det psykiske helsearbeidet» skrive av Refsnes og Danielsen. Studien nyttar kvalitativ metode og forskingsintervju av sju kontaktlærarar frå ulike yrkesfaglege utdanningsprogram ved fem vidaregåande skular i Noreg. Det vert utforska korleis lærarar opplev møtet med elevar som har psykiske vanskar og lidingar, og korleis lærarane oppfattar sin rolle i det psykiske helsearbeidet. Den tredje artikkelen, «Främja psykisk hälsa – Elevers erfarenheter och förslag visar vägen för skolan», er skrive av Kostenius og Warne. Dette er ein sekundæranalyse basert på kvalitative data frå fire tidlegare studiar som forfattarane har gjennomført. Artikkelen belyser elevar sine erfaringar med psykisk helse og deira forslag til korleis psykisk helse kan fremjast i skulen, og peikar mot eit salutogent perspektiv. Den fjerde artikkelen «En sak for seg – eller en sak for alle» av Borg og Pålshaugen, tek utgangspunkt i eit prosjekt som hadde som mål å gi auka kunnskap om kva lærarane gjer og kan gjere for å førebygge og fremje psykisk helse i skulen. Forskingsdesignet byggjer på den skandinaviske tradisjon for aksjonsforskning i arbeidslivet. Den femte artikkelen er «Teacher Stress Related to Student Mental Health Promotion» skrive av Ekornes. Gjennom ein kombinasjon av kvalitativ og kvantitativ metode utforskar studien samanhengen mellom oppfatta kompetanse, oppfatta ansvar og negative kjensler hos lærarar i forbindelse med fremjing av elevane sin psykiske helse.

Kvalitetsvurdering

Dei vitenskaplege artiklane eg har inkludert i litteraturstudiet er alle del av tidsskrift innanfor ulike fagfelt som helse- og sosialfag, og er fagfellevurdert, noko som kvalitetssikrar forskinga. Forskinga er også publisert relativt nyleg, noko som sikrar at forskinga er oppdatert. Etter ei vurdering av alle artiklane ser det ut til at dei akademiske normene for kjeldetilvising er følgt, og at dei har ein tydeleg metode- og resultatdel. Artiklane klargjer tydeleg at dei har teke omsyn til etiske prinsipp og retningslinjer, som personvern og informert samtykke.

Funn

I denne oppgåva søkast det etter kunnskap om korleis miljøterapeutar i skulen kan bidra til eit psykisk helsefremjande miljø for elevane. Funna er organisert tematisk, og vert presentert i fire delkapittel. Første emne handlar om relasjonen si betydning i skulen. Andre emne handlar om psykisk helse i skulen. Tredje emne handlar om samarbeidet på skulen og kunnskapsdeling. Fjerde og siste emne handlar om den heilskaplege samanhengen.

Den gode relasjon si betydning

Funn i Kostenius og Warne (2020, s. 858) si forskning viser at elevar ønskjer ein skule der gode relasjonar dannar fundamentet for å fremje både helse og læring. Relasjonen mellom elevar i ei klasse og mellom lærar og elev vert peika på som avgjerande for kvaliteten på klassemiljøet (Holte et al., 2022, s. 352). I tillegg viser det seg at relasjonar i stor grad kan påverke elevar sin motivasjon på skulen (Kostenius & Warne, 2020, s. 858). Endatil vert relasjonen mellom alle på skulen uavhengig av alder, profesjon eller oppgåve, vektlagt som viktig (Kostenius & Warne, 2020, s. 858). Relasjonen mellom lærar, eller den vaksne, og ein elev kan ut i frå relasjonskvaliteten fungere som anten ein beskyttelses- eller risikofaktor for eleven sin psykiske helse. I lys av dette er ein føresetnad for å skape og ivareta gode relasjonar at dei vaksne bryr seg, har samtalar og brukar tid på å bli kjent med elevane (Holte et al., 2022, s. 352).

Rom for sårbarheit

Holte et al. (2022, s. 354) erfarer i sin forskning at elevar etterspør meir kunnskap om psykisk helse, og om korleis dei kan hjelpe både seg sjølv og medelevar til å ta vare på og utvikle god helse. I Kostenius og Warne si forskning etterspør elevar tilgjengelege vaksne som har god kunnskap om elevar sine behov, spesielt knytt til psykisk helse (2020, s. 857). Kunnskap om psykisk helse og uhelse aukar moglegheitene for å fremje psykisk helse, men då krevst det naturlegvis også at emna kan takast opp i samtalar utan å verte opplevd som tabu (Kostenius & Warne, 2020, s. 860), og at både tilsette og elevar sine haldningar rundt emna ikkje bidreg til stigmatisering (Holte et al., 2022, s. 354). Dermed er det ein føresetnad at både forståing og openheit rundt emna er faktorar som bør vere til stades i prosessen med å auke kunnskap om psykisk helse (Kostenius & Warne, 2020, s. 859-860). Eit motstridande funn er i Refsnes og Danielsen si forskning, der det vert uttrykt bekymring av fleire lærarar at for mykje fokus på psykisk helse kan ha ein potensiell negativ konsekvens, og føre til sjukeleggjering av elevane (2018, s. 280).

I Holte et al. (2022, s. 354) si forskning vart det i samanheng med emnet sårbarheit peika på at skulen må vere ein stad elevar kan få god støtte og profesjonell hjelp dersom meir alvorlege problem vert oppdaga. I datamaterialet deira uttrykte ein lærar at ved til dømes rus, depressive tankar eller ein vanskeleg familiesituasjon inne i bildet, så kunne dette raskt bli for omfattande og utanfor lærarens kompetanse. Forsking utført av Ekornes (2017, s. 346) viser at majoriteten av norske lærarar erfarer at dei manglar adekvat kunnskap og kompetanse om psykisk helse, og at sjølv om dei gjerne ønskjer å hjelpe, så har dei utfordringar når det gjeld førebygging, handtering og støtte av elevar som har eller er i ferd med å utvikle psykiske vanskar. Vidare uttrykker lærarane at mangel på tid og ressursar er faktorar som også hindrar det viktige arbeidet med psykisk helse (Ekornes, 2017, s. 348). Betydinga av andre yrkesgrupper som miljøarbeidarar og helsesjukepleiarar vert trekt fram som sentralt for at skulen skal ha gode vilkår for sårbarheit og kunne bidra til å fremje god psykisk helse (Holte et al., 2022, s. 354).

Samarbeid og kunnskapsdeling

Funn i Kostenius og Warne (2020, s. 858) si forskning viser at elevane forventar at dei vaksne tek ansvar for at skulen skal ha eit helsefremjande miljø. Samarbeidet mellom det pedagogiske personale og personale som tilhøyrrer andre yrkesgrupper, og kvaliteten på samarbeidet, er ein avgjerande faktor som inngår i det helsefremjande arbeidet. Borg og Pålshaugen (2018, s. 186) peikar på at skulane som deltok i prosjektet deira samla sett hadde eit tydeleg behov for å utvikle ein betre delings- og samarbeidskultur. Når det gjeld lærarar, viser det seg at dei i undervisning tek i bruk mange grep som har betyding for elevane si psykiske helse, og som verkar helsefremjande. Det viste seg derimot at lærarane hadde manglande bevisstheit om at grepa dei brukte faktisk også omhandla psykisk helse og det helsefremjande arbeidet. Ved hjelp av eit meir tverrfagleg blick opplevde lærarane å bli meir bevisstgjort på deira eigen praksis og samanhengen den har med det helsefremjande arbeidet (Borg & Pålshaugen, 2018, s. 188).

Viktigheita av å ha vokabularet til å kunne artikulere praksis og arbeid som er helsefremjande vert vektlagt. Dette bidreg til betre moglegheiter for å dele, diskutere og vurdere praksis blant kollegaar, og fungerer såleis som eit grunnlag for den vidare utviklinga av praksis. Ved mangel på dette kan ein konsekvens vere at kunnskapen den enkelte sit med blir verande som taus kunnskap, og at den dermed ikkje kan nyttast fordelaktig av resten av kollegiet (Borg & Pålshaugen, 2018, s. 187).

Ein heilskapleg samanheng

I fleire av forskingsartiklane vert det satt fokus på heilskaplege perspektiv og samanhengar. Borg og Pålshaug (2018, s. 189) viser basert på resultat av si forskning til at psykisk helse utgjer eit aspekt ved dei fleste situasjonar elevane er i, anten det er snakk om undervisningstimar, i friminutt eller i relasjonar til dei vaksne og medelevar. Vidare hevdar dei at elevane si psykiske helse er ei sak som ikkje berre angår lærarar med spesialkompetanse og tilsette med helse- eller sosialfaglege utdanningar, men heile personalet på skulen. Følgeleg er ikkje berre arbeidet med psykisk helse knytt til spesielle elevar viktig, men alle elevar på skulen (Borg & Pålshaug, 2018, s. 189).

Holte et al. (2022, s. 357-358) peikar med utgangspunkt i eit systemteoretisk perspektiv på at alt heng saman med alt når det kjem til faktorar som kan påverke moglegheitene til å fremje god psykisk helse, og at til dømes relasjonar kan påverke klassemiljøet, og at klassemiljøet kan påverke vilkår for sårbarheit. I lys av dette konkluderer dei med at blant anna klassemiljø, relasjonar og vilkår for sårbarheit må sjåast i ein heilskapleg samanheng, og at difor faktorar som miljøarbeid, profesjonssamarbeid og pedagogisk utvikling må reknast som like viktig som til dømes tiltak og program retta direkte mot psykisk helse (Holte et al., 2022, s. 357-358).

Diskusjon

I dette kapittelet vert dei ulike emna i frå funndelen kombinert med kunnskapsgrunnlaget og drøfta for å forsøke å få svar på korleis miljøterapeutar i skulen kan bidra til eit helsefremjande miljø for elevane. Delkapitla er organisert på same vis som i funndelen.

Relasjonsarbeid

Ein av komponentane som inngår i omgrepet 'psykososialt miljø' er dei mellommenneskelege relasjonane (Olsen, 2019, s. 29-30). Etablering og vedlikehald av gode relasjonar inngår som ein faktor på tvers av meir eller mindre alle forskingsartiklane inkludert i dette litteraturstudiet, noko som tyder på viktigheita av relasjonar (Kostenius & Warne, 2020; Holte et al., 2022; Borg & Pålshaugen, 2018). Funn tyder på at genuin interesse, tid til samtalar og å bli kjent er nødvendig for å skape og vedlikehalde gode relasjonar (Holte et al., 2022, s. 352). Det at det vert retta så mykje fokus på relasjonar kan sjå ut til å gi meining, med tanke på at relasjonar kan skildrast å vere fundamentet eller bindemiddelet i sosiale system, og er noko vi menneske er avhengige av for å kunne fungere individuelt, i grupper og i samfunn (Schiefløe, 2019, s. 340). Dette vert også spegla i Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell (Fyrand, 2022; Gulbrandsen, 2019).

Sjølv om mykje av fokuset i funna er retta mot relasjonsbygging og relasjonskvalitet mellom lærar og elev, og elevar seg imellom (Holte et al., 2022, s. 352), vert det derimot også lagt vekt på at relasjonar mellom alle individ på skulen, derav også andre profesjonar, er viktig (Kostenius & Warne, 2020, s. 858). Vidare kan det argumenterast for at funna som spesifikt peiker på relasjon mellom lærar-elev, på mange måtar kan overførast i ein kontekst til relasjon mellom miljøterapeut og elev. Miljøterapeutar vert tilsett for å arbeide med elevar og miljøet rundt dei (Mordal, 2017, s. 6), og arbeider i følgje forskning vanlegvis individ- og grupperetta (Mordal, 2017, s. 6; Gjertsen et al., 2018, s. 172-173). Med andre ord kan det sjå ut til at miljøterapeutar for det meste arbeider i direkte kontakt med elevar, noko som tyder på at relasjonar og relasjonsarbeid er vesentleg, også her.

Relasjonar vert trekt fram som rota i alt sosialt arbeid, noko som tilseier at kunnskap om korleis ein kan skape og halde ved like relasjonar, og ikkje minst korleis ein kan arbeide med og gjennom relasjonar, er ein nødvendig og viktig del av den sosialfaglege kompetansen (Levin & Ellingsen, 2022, s. 137-138). Ein føresetnad for dette ser derimot ut til å vere at miljøterapeuten har tilstrekkeleg relasjonskompetanse og kan bruke kompetansen som både tolkings- og handlingsreiskap i arbeidet (Levin & Ellingsen, 2022, s. 149). I lys av dette kan det hevdast at miljøterapeutar med sosialfagleg kompetanse og spesifikk kunnskap og kompetanse om relasjonar og relasjonsarbeid, ikkje berre har ein god føresetnad for å skape gode relasjonar, men i tillegg har moglegheita til å bidra til

endring og utvikling i arbeid med og gjennom relasjonar til elevar (Levin & Ellingsen, 2022, s. 137-138). Dette støttar også opp forskning som nemner at miljøterapeutar ser ut til å ha spesielle føresetnader for å arbeide med dei psykososiale forholda i skulen (Gjertsen et al., 2018, s. 165).

På bakgrunn av dette er det difor ikkje urimeleg å hevde at miljøterapeutar med sin relasjonskompetanse har moglegheita til å arbeide i, med og gjennom relasjonar (Levin & Ellingsen, 2022, s. 137-138), og at dei med dette kan bidra som ein viktig faktor i samsvar med skulen sin plikt, jf. opplæringslova (1998) kapittel 9A, til å fremje eit trygt og godt skulemiljø.

Salutogen tilnærming i arbeidet med psykisk helse?

Psykisk helse inngår som eit sentralt emne i funna mine. I nærare detalj vert det retta fokus på at elevar ønskjer meir kunnskap om dette emnet, og om korleis dei kan hjelpe både seg sjølv og medelevar til å ta vare på og utvikle god helse (Holte et al., 2022, s. 354). Det vert på den eine sida peika på at kunnskap om psykisk helse og uhelse kan vere helsefremjande i seg sjølv (Kostenius & Warne, 2020, s. 860). På den andre sida vert det i funna uttrykka av fleire lærarar at for stort fokus på psykisk helse og uhelse kan verke mot sin hensikt, og føre til sjukeleggjering av elevane (Refsnes & Danielsen, 2018, s. 280). Med denne motsetninga i funna som bakgrunn ser eg det relevant å trekke den salutogene modell og perspektiv inn i biletet, og forsøke å argumentere for ein salutogen tilnærming som ein potensiell måte å arbeide med psykisk helse i skulen på.

Som det går fram av teori, handlar eit salutogent perspektiv om å rette fokuset på kva som er helsefremjande, i motsetning til ved eit patogent perspektiv der fokuset er på kva som er sjukdomsfremjande (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 69). OAS, eller ‘oppleving av samanheng’ er sentralt i den salutogene modellen (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 69), og består som nemnt tidlegare i oppgåva av dei tre komponentane forståing, handtering og meining (Langeland, 2014, s. 12). Med utgangspunkt i emnet psykisk helse, kan ‘forståing’ i ein slik samanheng i skulen handle om kunnskap ein elev har om psykisk helse, eller har fått formidla frå til dømes ein miljøterapeut eller andre ved skulen. Den neste delen, ‘handtering’, kan dreie seg om både ressursar eleven sjølv sit på, men også ressursar tilgjengelege rundt, som til dømes tilsette som kan bidra med støtte og profesjonell hjelp. Den siste delen, ‘meining’, kan vere at til tross for motgang og utfordringar i eleven sitt liv, så har eleven engasjement, pågangsmot og trua på at det er overkommeleg (Langeland, 2014). Opplevinga av samanheng og meining utviklast gjennom erfaringar med at kompetansen ein har eller tileignar seg er god nok til å møte utfordringar, og gjentekne gode erfaringar skapar motstandsressursar (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 70). Til fleire motstandsressursar, jo betre OAS og høgare grad av helse vil ein oppleve (Langeland, 2014, s. 12-13).

Til forskjell frå eit patogent perspektiv som ser på menneske som anten sjuke eller friske (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 69), vert helse i eit salutogent perspektiv definert som eit kontinuum, noko som altså opnar for utforsking av faktorar som kan auke graden av helse (Langeland, 2014, s. 11). I funna vert det trekt fram at forståing for og openheit rundt emna psykisk helse- og uhelse er ein føresetnad i prosessen med å auke kunnskap og kompetanse (Kostenius & Warne, 2020, s. 859-860). Det kan hevdast at ein ved å ta eit salutogent perspektiv, og forstår alle menneske som ein del av dette kontinuumet med ulike grader av helse, kan bidra til å normalisere psykisk uhelse (Langeland, 2014, s. 14-15). For å vende tilbake til funna som omhandlar den uttrykte bekymringa for sjukeleggjing av elevane ved for stort fokus på psykisk helse (Refsnes & Danielsen, 2018, s. 280), kan det tenkast at ein salutogen tilnærming som i tillegg til kunnskap legg vekt på elevar sine ressursar og meistring, kan vere ein måte å adressere emnet på utan å potensielt bidra til sjukeleggjing (Langeland, 2014).

Dersom ein som fagperson, til dømes miljøterapeut eller anna personale på skulen, skal arbeide innanfor ein salutogen forståing og teoretisk forankring, vert det trekt fram at kunnskap om og innsikt i salutogenese er ein føresetnad. Dette inneber at kunnskapen må vere integrert, og at ein må forstå kva det vil seie å ha eit helsefokus (Langeland, 2014, s. 26). Vidare vert det peika på at gode relasjonar er eit vesentleg fundament i salutogene tilnærmingar, der det i relasjonen vert retta merksemd mot å skape tillit til at vekst og utvikling er mogleg gjennom å vektlegge moglegheiter, ressursar og meistring (Langeland, 2014, s. 28). Som diskutert tidlegare, kan det sjå ut til at miljøterapeutar med sin kompetanse kan arbeide i, med og gjennom relasjonar (Levin & Ellingsen, 2022, s. 137-138). I lys av dette, kan det tenkast at miljøterapeutar difor også har ein til dels god føresetnad for å arbeide etter ei salutogen tilnærming. Dette krev derimot også blant anna kunnskap om og innsikt i salutogenese, og forståing for kva det vil seie å ha eit helsefokus (Langeland, 2014, s. 26).

Kunnskap og kompetanse knytt til psykisk helse

Funn tyder på at elevar etterspør tilgjengelege vaksne som har god kunnskap om elevar sine behov, spesielt knytt til psykisk helse (Kostenius & Warne, 2020, s. 857). Eit relevant punkt i funna som vert trekt fram av fleire, er lærarar sine utfordringar i møte med emnet psykisk helse. Majoriteten av norske lærarar erfarer at dei manglar adekvat kunnskap og kompetanse om psykisk helse (Ekornes, 2017, s. 346). I møte med elevar med til dømes depressive tankar og andre psykiske vanskar, eller andre problem av alvorleg karakter, vart det uttrykt av lærarar at det raskt kunne bli omfattande og utanfor deira kompetanse (Holte et al., 2022, s. 354). I tillegg til dette, er mangel på tid og ressursar faktorar som vert trekt fram som hinder for arbeidet med psykisk helse (Ekornes, 2017, s. 348). Andre yrkesgrupper i skulen vert difor av nokre trekt fram som sentralt i arbeidet med å fremje god psykisk

helse (Holte et al., 2022, s. 354). Miljøterapeutar kan i følgje Mordal (2017, s. 7) vere ein tilgjengeleg ressurs for både elevar og lærarar, med sin kompetanse innan psykososialt arbeid med utfordringar av psykisk eller sosial karakter. Med dette som bakgrunn, kan det tyde på at miljøterapeutar og andre yrkesgrupper sit på kunnskap og kompetanse som er sentralt i arbeidet med psykisk helse (Holte et al., 2022, s. 354; Mordal, 2017, s. 7), og som det i funna kan sjå ut til at lærarane manglar (Ekornes, 2017, s. 346).

Tverrfagleg samarbeid i skulen

I Borg og Pålshaugen si forskning vert det peika på at lærarar faktisk tek i bruk mange grep som har betydning for elevane sin psykiske helse, men at dei hadde manglande bevisstheit om at grepa dei brukte faktisk også kunne knytast til psykisk helse og det helsefremjande arbeidet. Ved hjelp av eit meir tverrfagleg blick opplevde derimot lærarane å bli meir bevisstgjort på eigen praksis (2018, s. 188). Funn taler for at samarbeidet og kvaliteten på samarbeidet mellom lærarar og andre yrkesgrupper er ein avgjerande faktor i arbeidet med å fremje helse (Kostenius & Warne, 2020, s. 858). Eit slikt samarbeid mellom yrkesgrupper i skulen kan knytast til teori, og klassifiserast som eit tverrfagleg samarbeid, der fleire profesjonar tek i bruk kvarandre sin kunnskap og ferdigheiter for å arbeide saman mot eit felles mål. Gjennom eit tverrfagleg samarbeid er målet å utnytte dei tilgjengelege ressursane best mogleg (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 253-254). Det interne samarbeidet på skular kan altså sjå ut til å vere vektlagt som viktig for helsefremjande arbeid, men likevel peikar funn på at det eksisterer eit tydeleg behov for å utvikle betre samarbeids- og delingskultur (Borg & Pålshaugen, 2018, s. 186).

Eit godt tverrfagleg samarbeid krev god kommunikasjon, gode relasjonar, og at dei ulike profesjonane har kjennskap til kvarandre sine ansvars- og kompetanseområde (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 254). Samarbeidsrelasjonen må vere god, og prega av kjennskap til kvarandre sine profesjonar, forståing for kvarandre sine roller i samarbeidet og bevisstheit om kva dei ulike profesjonane kan bidra med. Samarbeidsprosessane må vere prega av ein felles visjon for arbeidet basert på felles verdiar, der kommunikasjonen er transparent og ikkje minst regelmessig, slik at det kan sikrast ein felles tilnærming i og forståing for arbeidet. Ressursar som tid er i stor grad viktig, ikkje berre tid til samarbeidet i seg sjølv, men også forståing for at eit godt samarbeid er ein prosess som utviklar seg over tid (Backe-Hansen, 2019, s. 251-253). For å utvikle ein betre samarbeids- og delingskultur, kan det altså i lys av teori vere nyttig å streve etter å utfylle dei faktorane som kjenneteiknar eit godt samarbeid. Dette kan derimot ikkje eine og aleine falle på skuldrane til enkeltindivid, eller ein enkelt yrkesgruppe, men ser ut til å vere avhengig av at skulen sine tilsette kollektivt og gjensidig bidreg til å utvikle samarbeidet seg imellom.

Viktigheita av å kunne artikulere praksis og arbeid som er helsefremjande er trekt fram i funna, og bidreg til moglegheiter for å dele, diskutere og vurdere praksis blant kollegaar, noko som er eit grunnlag for vidare utvikling. Mangel på dette kan forhindre nyttig kunnskap frå å delast, anten det er snakk om enkeltindivid seg imellom, eller mellom yrkesgrupper (Borg & Pålshaugen, 2018, s. 187). Det kan hevdast at eit godt tverrfagleg samarbeid, der dei ulike profesjonane har kjennskap til kvarandre sin kompetanse, og der det er ein felles forståing for arbeidet og tilnærminga lagt til grunn, bidreg til deling av kunnskap (Backe-Hansen, 2019, s. 251-253). I lys av dette kan det dermed sjå ut til at miljøterapeutar gjennom eit tverrfagleg samarbeid kan bidra som ein ressurs til lærar eller andre yrkesgrupper og vice versa i form av kunnskapsdeling, og gjennom dette utvikle praksisen i det helsefremjande arbeidet (Borg & Pålshaugen, 2018, s. 187).

Den heilskaplege samanhengen gjennom eit systemteoretisk perspektiv

Funna taler for at det er mange faktorar som påverkar psykisk helse og moglegheitene for å fremje god psykisk helse (Holte et al., 2022, s. 357-358; Borg & Pålshaugen, 2018, s. 189). Psykisk helse utgjer eit aspekt ved dei fleste situasjonar elevane er i, anten det er i undervisning, friminutt eller i relasjonar til vaksne eller medelever (Borg & Pålshaugen, 2018, s. 189). Faktorar som klassemiljø, mellommenneskelege relasjonar, relasjonskvalitet og vilkår for sårbarheit heng saman med kvarandre, og med psykisk helse, noko som gjer at til dømes profesjonssamarbeid, miljøarbeid og pedagogisk utvikling må reknast som like viktig som tiltak og program som er direkte retta mot psykisk helse (Holte et al., 2022, s. 357-358).

Funna vektlegg altså eit heilskapleg syn, eller systemteoretisk perspektiv, som viktig i arbeidet med eit psykisk helsefremjande miljø. Det kan tenkast at Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell, som kan nyttast som ein analysemodell, kan vere eit hjelpemiddel for å få ein meir heilskapleg forståing av skulens situasjon, problem som pregar den, og eventuelle ressursar tilgjengeleg. Modellen kan bidra til eit klarare syn for kva slags nivå, anten individ-, gruppe eller organisasjonsnivå, som det bør leggast fokus på i arbeidet med det psykisk helsefremjande miljøet (Fyrand, 2016, s. 42-43).

Konklusjon

Eg har i denne oppgåva gjennom litteraturstudie som metode forsøkt å svare på problemstillinga om korleis miljøterapeutar i skulesektoren kan bidra til eit psykisk helsefremjande miljø. Funn i eksisterande forskning og teori belyser at gode relasjonar er ein sentral og grunnleggjande føresetnad for å kunne fungere individuelt, i grupper og i samfunn, og at dette også er ein vesentleg faktor i eit psykisk helsefremjande miljø og arbeidet med å fremje eit slikt miljø. Kunnskapen og kompetansen ein miljøterapeut med sosialfagleg utdanning sit på når det gjeld evna til å kunne arbeide i, med og gjennom relasjonar, er noko som til dels talar for at miljøterapeutar har ein god føresetnad for å bidra i skulens arbeid med å fremje psykisk helse.

Vidare har eg basert på spenning i funna angående auka kunnskap og fokus på psykisk helse forsøkt å argumentere for ein salutogen tilnærming som fokuserer på elevar sin kunnskap, ressursar og meistring. Utan å kunne fastslå noko, verkar idéen til eit salutogent perspektiv om at alle menneske eksisterer på eit kontinuum med ulike grader av helse som noko som kan bidra til å normalisere psykisk uhelse (Langeland, 2014), men om dette kan minske sjansane for sjukeleggjing av elevar har eg som sagt ikkje dekning til å svare på med min tilgjengelege forskning og teori. Eit liknande tilfelle finn eg også i spørsmålet om miljøterapeutar kan nytte ein slik tilnærming i arbeidet med psykisk helse. Drøftinga belyser at miljøterapeutar også her med sin kompetanse og kunnskap om relasjonar har ein viss føresetnad for å arbeide etter den salutogene modellen, då relasjonar er ein vesentleg del av tilnærminga. Det er derimot også fleire andre krav som stillast for å kunne arbeide slik, som blant anna god innsikt om salutogenese og at kunnskapen er integrert. Forsking som undersøker verknaden av ein salutogen tilnærming i skulen kunne ha vore eit interessant emne å utforske vidare.

Noko som majoriteten av funna talar for, er at elevar sjølv har eit ønske om auka kunnskap om psykisk helse og korleis dei skal hjelpe seg sjølv og andre medelevar. Elevar er også opptatt av at dei vaksne på skulen kan dekkje deira behov, spesielt knytt til psykisk helse. Funna har belyst at majoriteten av lærarar føler dei manglar kunnskap og kompetanse knytt til dette emnet, og at dei har utfordringar med å hjelpe elevar som har det vanskeleg psykisk. Dette speglar også igjen i spørjeundersøkelsen heilt tilbake i innleiinga til oppgåva, der ein stor prosent av kommuner og skuleleiarar erfarer manglande kompetanse om psykisk helse. I drøftinga kom det fram at funna peikar på at blant anna miljøterapeutar og andre yrkesgrupper er sentrale i arbeidet med psykisk helse, og at miljøterapeutar spesifikt har ein føresetnad for å arbeide med psykososiale forhold.

Vidare har funn belyst at det eksisterer eit tydeleg behov for betre samarbeids- og delingskultur i skular, noko som kan vere problematisk ettersom funna også peikar på at samarbeid mellom lærarar og andre yrkesgrupper er ein avgjerande faktor for det helsefremjande arbeidet. Ved hjelp av teori drøfta eg kjenneteikn som er nyttige å streve etter å følge for å utvikle eit godt samarbeid, deriblant gode samarbeidsrelasjonar-, prosessar, og ikkje minst ressursar som tid. Viktigheita av å

kunne artikulere praksis som omhandlar det helsefremjande arbeidet vert også trekt som grunnleggjande for å utvikle ein betre praksis i dette arbeidet, noko som eit godt tverrfagleg samarbeid ser ut til å kunne bidra til. Ved eit godt tverrfagleg samarbeid til stades, argumenterte eg for at miljøterapeuten kunne bidra som ein ressurs i form av kunnskapsdeling med dei andre profesjonane, og vice versa.

Sist men ikkje minst vart det basert på funn som tala for at eit heilskapleg syn var viktig i arbeidet med å fremje god psykisk helse, drøfta opp mot Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell, som kan fungere som eit nyttig hjelpemiddel for å få eit heilskapleg syn, og for å forstå at forskjellige faktorar påverkar kvarandre gjensidig.

I denne oppgåva har eg ved å ta i bruk litteraturstudie som metode identifisert viktige faktorar i skulen for å fremje god psykisk helse, og for å arbeide psykisk helsefremjande. Resultata av studiet kan sjå ut til å ha eit bidrag i form av å synleggjere at miljøterapeutar har relevant og nyttig kunnskap og kompetanse som gir gode føresetnader for å bidra til eit psykisk helsefremjande miljø. Studiet går derimot ikkje så veldig djupt inn på til dømes miljøterapeutar sine arbeidsmåtar. Med tanke på tid og omfang av oppgåva trur eg ei meir avgrensa problemstilling kunne ha vore fordelaktig i utføringa av eit slikt studie. Eit anna punkt verdt å nemne er at det eksisterer lite forskning på feltet som spesifikt handlar om korleis miljøterapeutar i skulen arbeider knytt til psykisk helse. Dette er noko som eg meiner bør forskast meir på, spesielt med tanke på at det ser ut til å bli fleire og fleire miljøterapeutar å finne på skular rundt om i landet.

Litteraturliste

Aveyard, H. (2019). *Doing a literature review in health and social care: A practical guide* (4. utg.). Open University Press.

Backe-Hansen, E. (2019). Tverrfaglig og tverretatlig samarbeid – til besvær og til barn og unges beste. I I. Studsrød, V. Paulsen, I. Kvaran & K. Mevik (Red.), *Barnevernspedagog: En grunnbok* (s. 245-257). Universitetsforlaget.

Borg, E., Drange, I., Fossetøl, K. & Jarning, H. (2014). *Et lag rundt læreren: En kunnskapsoversikt*. (AFI-rapport 8/2014). <https://hdl.handle.net/20.500.12199/6234>

Borg, E. & Lyng, S. T. (2019). *Sosialfaglig kompetanse i skolen*. Fellesorganisasjonen. https://www.fo.no/getfile.php/1319574-1569406570/Bilder/FO%20mener/Brosjyrer/Sosialfaglig%20kompetanse%20i%20skolentil_net.pdf

Borg, E. & Pålshaugen, Ø. (2018). En sak for seg – eller en sak for alle?: Helsefremmende og forebyggende psykisk helsearbeid i skolen. Erfaringer fra et utviklingsprosjekt. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*, 15(2-3), 180-190. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-3010-2018-02-03-09>

Bunkholdt, V. & Kvaran, I. (2021). *Kunnskap og kompetanse i barnevernsarbeid* (2. utg.). Gyldendal.

Ekornes, S. (2017). Teacher stress related to student mental health promotion: The match between perceived demands and competence to help students with mental health problems. *Scandinavian Journal of Educational Research*, 61(3), 333-353. <https://doi.org/10.1080/00313831.2016.1147068>

Fellesorganisasjonen. (2021, 11. februar). *Vi krever lovfesting av miljøterapeuter i skolen*. <https://www.fo.no/nyhetsarkiv/vi-krever-lovfesting-av-miljoterapeuter-i-skolen>

Fyrand, L. (2016). *Sosialt nettverk: Teori og praksis* (3. utg.). Universitetsforlaget.

Gulbrandsen, L. M. (Red.). (2017). *Oppvekst og psykologisk utvikling: Innføring i psykologiske perspektiver* (2. utg.). Universitetsforlaget.

Gjertsen, P. Å., Hansen, M. B. V. & Juberg, A. (2018). Barnevernspedagogers, sosionomers og vernepleieres rolle og status i skolen. *Tidsskrift for velferdsforskning*, 21(2), 163-179.
<https://doi.org/10.18261/issn.2464-3076-2018-02-05>

Holmøy, O., Birkrem, T., Lien T. & Flaten, K. (2019, 29. oktober). Miljøterapeuter i skolen – et uforløst potensial. *Fontene, Fagartikler*. <https://fontene.no/fagartikler/miljoterapeuter-i-skolen--et-uforlost-potensial-6.47.654240.497e12dd76>

Holte, K. L., Foss, E. M. & Sträng, R. (2022). Psykisk helse skapes i de daglige skoleerfaringene: Skolen som arena for å fremme god psykisk helse i et systemisk perspektiv. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 106(4), 345-359. <https://doi.org/10.18261/npt.106.4.6>

Knudsen, Y. S. & Hammer-Holt, M. (2023, 20. september). Miljøterapeuter i skolen må lovfestes. *Fontene, Fagartikler*. <https://fontene.no/fagartikler/miljoterapeuter-i-skolen-ma-lovfestes-6.47.989383.5c504b055b>

Kostenius, C. & Warne, M. (2020). Främja psykisk hälsa: Elevers erfarenheter och förslag visar vägen för skolan. *Socialmedisinsk tidsskrift*, 97(5 og 6), 847-865.
<https://socialmedisinsktidsskrift.se/index.php/smt/article/view/2337/2223>

Kunnskapsdepartementet (2017). *Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen*. Fastsatt som forskrift ved kongelig resolusjon. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/verdier-og-prinsipper-for-grunnopplaringen/id2570003>

Langeland, E. (2014). *Salutogenese og psykiske helseproblemer: En kunnskapsoppsummering* (NAPHA Rapport nr 1/2014). <https://napha.no/content/14907/salutogenese-og-psykiske-helseproblemer--kunnskapsoppsummering-fra-napha>

Levin, I. & Ellingsen, I. T. (2023). Relasjoner i sosialt arbeid. I I. T. Ellingsen, L. C. Kleppe, I. Levin & B. Berg (Red.), *Sosialt arbeid: En grunnbok* (2. utg., s. 137-151). Universitetsforlaget.

Manger, T., Lillejord, S., Nordahl, T. & Helland, T. (2013). *Livet i skolen 1. Grunnbok i pedagogikk og elevkunnskap: Undervisning og læring* (2. utg.). Fagbokforlaget.

Meld. St. 19 (2009-2010). *Tid til læring – oppfølging av Tidsbruksutvalgets rapport*.

Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Meld-St-19-20092010/id608020/?ch=1>

Meld. St. 6 (2019-2020). *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*.

Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/?ch=6>

Misund, B. I. (2005). *Miljøarbeid i skolen: Organisasjonens betydning*. Høyskoleforlaget.

Mordal, S. (2017). *Miljøterapeuter i skolen: En prosessevaluering av første år med prosjektet «miljøterapeuter i skolen»*. (SINTEF Rapport 2017:00816). <http://hdl.handle.net/11250/2487556>

Olsen, M. H. & Buli-Holmberg, J. (Red.). (2019). *Psykososialt læringsmiljø*. Cappelen Damm Akademisk.

Opplæringslova. (1998). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæring* (LOV-1998-07-17-61).

Lovdata. <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61>

Refsnes, A. H. & Danielsen, A. G. (2018). Yrkesfaglæreres opplevelse av sin rolle i det psykiske helsearbeidet. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*, 15(4), 273-284. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-3010-2018-04-02>

Schiefloe, P. M. (2019). *Mennesker og samfunn: Innføring i sosiologisk forståelse* (3. utg.).

Fagbokforlaget.

Skotheim, H. (2021, 18. august). Få stortingskandidater vil lovfeste miljøterapeuter i skolen: – For lite offensivt, mener FO. *FriFagbevegelse*. <https://frifagbevegelse.no/nyheter/fa-stortingskandidater-vil-lovfeste-miljoterapeuter-i-skolen--for-lite-offensivt-mener-fo-6.158.811611.6285f2784e>

Tronsen, J., Laugaland, J. M. (2024, 10. mars). Her har de 40 ganger flere miljøarbeidere enn skole i nabokommune. *NRK, Rogaland*. <https://www.nrk.no/rogaland/vikesa-skule-har-40-ganger-sa-mange-miljoarbeidere-som-kleivane-skole -pa-like-mange-elever-1.16774299>

Utdanningsdirektoratet (2022). *Utdanningsspeilet 2022*. <https://www.udir.no/tall-og-forskning/publikasjoner/utdanningsspeilet/utdanningsspeilet-2022/trivsel-og-laring/elevenes-opplevelse-av-trivsel-og-tilhorighet/>

Vedlegg

Vedlegg 1: Søkelogg

Dato for søk	Database	Kombinasjonar av søkeord (søkestreng)	Tal på treff (med avgrensing)	Tal på lesne titlar og abstracts	Tal på lesne artiklar	Inkluderte artiklar
18.03.2024	Oria	helsefremmende OR (psykisk helse OR mental health) AND skole	76	72	14	5

Vedlegg 2: Inklusjons- og eksklusjonskriterium

Inklusjonskriterium	Eksklusjonskriterium
<ul style="list-style-type: none">• Fagfelleverderte tidsskriftartiklar• Ikkje eldre enn 2015• Forsking som er utført i Noreg (eller som er overførbar til norske forhold)• Norsk, svensk og engelsk språk• Grunnskule og vidaregåande skule	<ul style="list-style-type: none">• Tidsskriftartiklar som ikkje er fagfelleverderte• Eldre enn 2015• Internasjonal forskning (eller som ikkje er overførbar til norske forhold)• Andre språk enn norsk, svensk og engelsk• Universitet og høgskule

Vedlegg 3: PRISMA flytdiagram

